

## Haustetidsvurderingar veke 35

Måndag 26. august vart det tatt haustetidsprøver av Summerred, Gravenstein og Eden.

Prøvene tekne av Summerred viser at den er klar for hausting utover denne veka og mot helga på tidlege stader. Frukta er litt grøn enno, men det er høgt sukkerinnhald og stiveinnhaldet er innafor på mange av prøvene.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Stiveinnhaldet i Gravenstein har begynt å røre på seg, og ein reknar med starthausting for denne i slutten av neste veke på tidelege stader. Det same gjeld Eden, her modnar det litt ujamt, og noko av frukta nærmar seg modent, andre har mykje stive att. Ein må her følge godt med og plukke etter kvart som det modnar.

## Summerred

### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	K O Loen			G A Vereide		
Stad	Loen			Sandane		
Prøve nr	1			2		
Dato	12.08.24	19.08.24	26.08.24	12.08.24	19.08.24	26.08.24
Fruktvekt g	120,8	129	141,4	131,6	122,4	147,4
Grunnfarge	C1	C2	C2-C3	C1	C2	C2-C3
Fastleik	9,73	9,15	8,8	10	9,12	8,4
Sukker	8,54	9,52	11,65	10,03	9,75	11,02
Stive	3,1	3,85	4,8	2,9	4,35	5,15
Streif	0,36	0,24	0,157	0,34	0,21	0,149

Begge prøvene ligg ganske likt i modningsgrad. Grunnfargen er framleis litt for grøn, men stiveinnhaldet har minka og sukkerinnhaldet er godt over minimum, så det nærmar seg hausting. Summerred er klar til starthasting i slutten av veka over mot helga. Seinare hagar kan nok vente til over helga og utover neste veke. Hugs å plukke i fleire omgangar og begynn med frukta i toppen og i solutsette stader. Seinare kan ein gå vidare til frukta som heng lågare og i skuggen



Grunnfargen har utvikla seg noko den siste veka, men er framleis litt for grøn.





Stiveinnhaldet har utvikla seg fint og dei fleste ligg no mellom 5-6.





## Gravenstein

### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K O Loen		
Stad	Loen		
Prøve nr	1		
Dato	12.08.2024	19.08.2024	26.08.2024
Fruktvekt g	194,7	159,7	154,8
Grunnfarge	C1-C2	C1-C2	C2
Fastleik	9,6	9,2	9,94
Sukker	8,85	9,25	11
Stive	1,3	1,9	2,9
Streif	0,57	0,52	0,29

Det har skjedd noko utvikling siste veka i Gravenstein, både på grunnfarge, sukker og stive. Det er enno ein del att på stiveinnhaldet, men sukkeret er no kome over minimum. Det vert tatt nye prøver av Gravenstein neste måndag. Ein kan førebels rekne med starthausting i slutten av neste veke/neste helg.



## Eden

### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C4

Dekkfarge: 20 %

Fastleik: 9-11 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min. 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streif-index: 010-0,17

Dyrkar	O. R. Lyslo
Stad	Innvik
Prøve nr	1
Dato	26.08.2024
Fruktvekt g	187,3
Grunnfarge	C1-C2
Fastleik	9,94
Sukker	10,98
Stive	3,6
Streif	0,25

Første prøve av Eden viser at utviklinga er ujamn mellom frukta. Sukkerinnhaldet er allereie kome høgt nok opp, men det er enno ein del att på stiveinnhaldet i heilskap. Noko av frukta har kome langt i utviklinga, så her er det viktig å følgje med. Grunnfargen skal vere C4 ved hausting. Det vert tekne nye prøver av Eden neste måndag.

